

NYHENDEBREV VÅREN 2012

FORSKERFORBUNDET VED
Fagpolitisk forening for midlertidig
ansatte arkeologer - MAARK
Leder Ingar M. Gundersen
ingar.gundersen@maark.no
maark@maark.no
www.maark.no

Kjære medlem av MAARK!

Me sender med dette ut nyhende­brev for å informere om kva MAARK-styret har jobba med den siste tida og kva våre planer er framover. Vårt mål er å sende ut nyhende­brev med jamne mellomrom for å halde dykk oppdaterte om kva me arbeider med, tiltak og særskilde prioriteringar.

Årsmøtet 2012

Ved årsmøtet i 2011 vart det bestemt å flytte kommande årsmøte frå seinhaustes til vår, det har difor vore ein kort årsmøteperiode for MAARK. Årsmøtet 2012 vart arrangert 23. mars i Oslo. Årsmøtet vart kombinert med eit dagseminar med fokus på spelereglar innafor arbeidslivet, rettar og plikter som arbeidstakar og arbeidet som vert utført i regi av MAARK. Eit av måla med dagseminaret var kunnskapsoppbygging, slik at våre medlemmer skal stå betra rusta til å møte dei særskilde utfordringane me står ovanfor i arbeidslivet.

Ei rekke medlemmer frå heile landet var representert på årsmøtet, tett opp i mot ny rekord i MAARK si historie. Blant sakene som vart diskutert var MAARK si arbeidslivs­analyse, stillingskoder og alternative feltmodeller, reforhandling av feltavtaler i 2012, samt handlingsplan for kommande periode. Hilde Frydenberg gjekk av som leiar i MAARK etter lang og tru teneste. Både Hilde og Mari Østmo vart takka for deira verdifulle innsats i MAARK. Mari og Hilde tok initiativ til oppretting av MAARK og det er med stor respekt og takk­semd me no held fram det viktige arbeidet som Hilde og Mari starta.

Eit nytt styre vart valt på årsmøtet. Styret vart konstituert på eit styremøte i Oslo 14. april.

Ingar M. Gundersen (leiar)

Kjetil Loftsgarden (nestleiar)

Mikael A. Bjerkestrand (sekretær)

Bjarne Gaut (kasserar)

Lars Julsrud (webansvarleg og regionskontakt Nord-Norge)

Tom André Edvardsen (Regionskontakt Nord-Norge)

Monika Serafinska (Regionskontakt Vest-Norge)

Yngve T. Flognfeldt (Regionskontakt Vest-Norge)

Marte Mokkelbost (Regionskontakt Midt-Norge)

Ragnar Vennatrø (Regionskontakt Midt-Norge)

Steinar Magnell (Regionskontakt Rogaland)

Christopher Kvæstad (Regionskontakt Rogaland)

Vara: Hilde Fyllingen, Torill Nygård, Erik Kjellman og Ingrid Sommerseth

Leiar, nestleiar, sekretær og kasserar utgjer arbeidsutvalet og har også regionsansvaret for Austlandet. Eit referat frå årsmøtet 2012 blir lagt ut på vår nettstad, www.maark.no.

Regionsmøte

Styret i MAARK arbeider for å vere tilstades i alle regionar i landet. Dei ulike regionskontaktane er MAARK sine representantar og skal ta opp saker på vegne av regionen i MAARK-styret. Det er såleis viktig at regionskontaktane vert nytta aktivt av våre medlemmar om det er saker MAARK bør bli informert om og kan hjelpe til med. Som eit ledd i dette vil MAARK arrangere regionsbaserte medlemsmøte. Det fyrste møtet var 22. april i Rogaland, men det vil bli



MAARK sitt fyrste regionsmøte i Rogaland.

arrangert liknande regionsmøte i Nord-Norge, Vest-Norge og Midt-Norge. Representantar frå MAARK i Rogaland var leiar Ingar Gundersen og regionskontakt Steinar Magnell. Slike regionsmøte er viktige for å informere om MAARK sine prioriterte arbeidsoppgåver i tida framover og tilbakemelding på arbeidet MAARK gjer og kvar våre medlemmar meiner me bør legge våre ressursar.

Arbeidslivsundersøkinga

Sumaren 2011 vart det sendt ut ein spørjeundersøking til alle medlemmer av MAARK. Det vart i tillegg utført ein separat undersøking av arbeidsgjevarar. Denne undersøkinga kom i gang med bakgrunn i eit ynskje om å skaffe eigne data om omfanget av mellombels tilsetting i vår sektor og dei verknadar det har. Eit mål har vore å greie ut dei ulike sidene ved kvardagen til ein mellombels tilsett arkeolog. Aktuelle spørsmål har vore om omfanget, løn og tilsettingsvilkår, arbeidsmiljø og utsikten til kompetanseheving. Tine Schenck har lagt ned eit formidabelt stykke arbeid i denne undersøkinga og har utarbeid ein rapport med samanstilling av resultat frå undersøkinga. Denne rapporten er tilgjengeleg på nett her: http://www.forskerforbundet.no/upload/diverse/Kartlegging_MAARK.pdf

Tine er i gang med arbeidet med å bruke resultatata frå denne undersøkinga i ein vidare tilstandsrapport om situasjonen for mellombels tilsette arkeologar.

Symbolkonkurranse

Det blåser nye vinder over kulturminneforvaltninga og me håpar jordbæret har utspela si rolle som MAARK sitt symbol. Me er difor på utkikk etter eit symbol. Det er allereie på plass ein ny logo, jf. brevhovudet. Det me no er ute etter er eit symbol som kan bli brukt i meir uformelle samanhengar, som til dømes på t-skjorter. I det høvet treng me DIN hjelp. Send inn eit forslag til MAARK sitt symbol til vår e-post: maark@maark.no.

Vinnaren blir premiert, i tillegg til all heider og ære.

Me har allereie fått inn fleire fine forslag, men me vil gjerne ha inn fleire!



Forslag til MAARK symbol

Anna

- Ved fleire institusjonar gjeng det no føre revideringar av feltavtalar. MAARK sine regionsrepresentantar er involvert i det forberedande arbeidet.
- Til no har ikkje Kulturhistorisk Museum utbetalt løn for feltleiarkurs. MAARK tok opp dette med Forskerforbundet, som så tok det opp med leiinga ved KHM. Dette resulterte i at KHM no utbetaler løn for deler av kurset, det vil seie for HMS-kurs og innføringa til KHM sine rutinar. Dette er positivt og eit skritt i riktig retning.

Beste helsing frå styret i MAARK!